
Vår referanse 2020/48850-2
Dato 22.05.2020

BYGGMESTER DAL AS
SLETTEVEGEN 26
5936 MANGER

Dispensasjon frå byggegrense - fv. 5476 - gnr. 146 bnr. 33 - tilbygg til bustad - Alver kommune

Vi viser til søknad motteke 21.04.2020.

Vedtak

Med heimel i veglova, gir vi dispensasjon frå byggegrensa mot fv. 5476 for å oppføre tilbygg til einebustad på gnr. 145 bnr. 22 i Alver kommune.

Veg / stad: fv. 5476 S1 D1 m 4251 / Skarsvegen

Vilkår for dispensasjonen

1. Tiltaket skal være i tråd med situasjonsplan, datert 17.04.2020.
2. Avstanden frå tilbygget (inkludert takutspring) til senterlina på fv. 5476 skal vere minst 29 meter.
3. Dersom tiltaket vil føre til endringar i samband med tilkomstilhøva for eigedomen, må det framleis vere opparbeidd tilstrekkeleg areal til å kunne snu på eigedomen for å unngå rygging ut på offentlig veg. Siktkrav til eigedomens avkørsel må følgjast.
4. Bygninga må ikkje brukast til andre formål enn det dispensasjonen gjeld.
5. Grenseverdiane for støy og luftkvalitet i rundskriv [T-1442](#) og [T-1520](#) frå Klima- og miljøverndepartementet må tilfredsstillast.
6. Det kan ikkje krevjast erstatning for skadar og ulemper som følgje av at tilbygg ligg nær fv. 5476.
7. Arbeidet må være starta opp innan tre - 3 - år frå dispensasjonen er gitt, viss ikkje fell dispensasjonen bort.
8. Dette vedtaket føreset at tiltaket vert gitt godkjenning og byggeløyve frå kommunen.

Bakgrunn for vedtaket

Det er ikkje sett byggegrense i kommuneplanen og veglova gjeld i dette høvet, byggegrense langs fv. 5476 med haldningsklasse 4 er sett til 15 meter i Rammeplan. Tiltaket kjem ikkje i konflikt med reguleringsplan for fylkesveg 404 (tidl. vegnr.) vedteke i 2016. Byggegrensene skal ta vare på trafikktryggleik, vedlikehald og drift av vegnettet, arealbehov ved ei eventuell utviding av vegen, og miljøet på eigedomane langs vegen. Ein dispensasjon med byggegrense min. 29 meter vil ikkje gå ut over omsynet til dette.

Rett til å klage

Vedlagt skjema [Melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak](#). Fristen for å klage er tre veker frå vedtaket vart mottatt. Klageinstansen er den fylkeskommunale klagenemnda. Send klagen til Vestland fylkeskommune post@vlfk.no, eller Vestland fylkeskommune, postboks 7900, 5020 Bergen.

Med helsing

Hege Løtveit
Leiar

Eva Sundal
overingeniør

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg:
Situasjonsplan datert 17.04.2020.
Skjema: klage over forvaltningsvedtak
Veglova § 29 og 30

Kopi til:

ALVER
KOMMUNE